

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek samfunnsansvar med omsyn til flyktingesitusjon i Syria, og aukar noverande ramme/måltal for busetting med 1 flyktning per 1000 innbyggjar per år i perioden 2015-2017.

Dette betyr at:

1. Meland kommune aukar tal personar for busetting med + 8 (frå 15 til 23) per år for 2015, 2016 og 2017 jamfør tidlegare vedtak i kommunestyret sak 57/2014.]Auke er direkte relatert til flyktingesituasjon i Syria./Samla tal busetting i 3 årsperioden vert slik 69 personar.
2. Ressursar relatert til eventuell familiegjennforening kjem i tillegg til måltal i punkt 1, og vert utført kontinuerleg etter godkjende vedtak.
3. Det er ein føresetnad for måloppnåing jamfør punkt 1 at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i tenleg bummiljø i perioden. I tillegg må kommune nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utfrå flykningane sine individuelle føresetnader.
4. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskot skal til ei kvar tid øyremerkast ressursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemnd (bundne fond).
5. Meland kommunestyret godkjenner revisjon av gjeldande budsjett- og investeringsplan for 2015, der ein omdisponerer kr. 3,1 million frå investering omsorgsbustad til investering bustad vanskelegstilte for inneverande år. Dette er grunna trong for auka ressursar med omsyn til å etablere tilstrekkeleg tal bustader for målgruppa.

Framlegg til vedtak fra Nils Marlon Aadland.

Plt. 1: Setning - "Auke er direkte relatert til flyktingesituasjonen i Syria" går ut.

Nytt plt 7:

Staten kompenserer dei jaktiske utgiftene fullst ut.